



Johannes Nymark

Fotball og samfunn i Latinamerika – røynsler frå ein moduldel i nettspansk –¹

Institutt for språk (NHH)

Summary

Football and Society in Latin America on the Web

The revolution observed in e-learning in the last decade has permitted the implementation of new kinds of studies based on an enlarged stream of information and new forms of interaction between teacher and student. The generalization of e-learning has also made possible changes in the content of the studies, in the sense of facilitating the combination of subjects and the cooperation between departments and faculties.

The module "Culture and Society" in the Latin American Web Studies at the University of Bergen (Norway) gives us an indication of the possibilities of e-learning, with its division into the following five parts: religion, art, film, globalization and football, the most astonishing subject being the last one (football) as a subject of academic studies. However, the importance of football nowadays, and particularly in some South American countries in various fields of society (culture, economics, politics, social relations and as signs of identification) implies that it is an element to take into account when studying the most important traits of Latin American societies.

The course in "Football and Society" included three subjects: "Football in the struggle against tyrants", "Football and the drugs mafia in Colombia" and "Football and National Identity in Uruguay". We thus considered football as related respectively to politics, economics and identity. The three web seminars gathered students living in Argentina, Bolivia, Chile, India, Scotland and Germany, apart from the students coming from different parts of Norway. Surprisingly, a majority of the students were women.

28 students wrote essays required to pass the course, all of which were accepted. Some of the essays were excellent, a few merely passed. About 50 students subsequently delivered a more extensive semester essay that demanded more detailed studies and the elaboration of a bibliography. 9 of those students chose to write about "Football and Society".

The experience based on this course only is not very definitive, but it is possible to give some indications:

- the teacher ought to plan the web lessons carefully in advance, in order to avoid chaos while teaching;

¹ Artikkelen er basert på eit innlegg halde på stabsseminar ved Institutt for språk, NHH, 30.08.02.

- the information accessibility due to Internet has revolutionized students' and teachers' ways of studying, teaching and collecting information;
- universities and other institutions of higher education, certainly, will undergo radical changes in the near future, in order to adapt themselves to a society where permanent education will play a gradually more essential part.

Ny teknologi fører til ny sosial praksis og gjerne også forventningar om nye og betre arbeidsformer. Mange, som Karl Marx, har hevda at teknologiske framsteg er den viktigaste føresetnaden for historiske endringar av ulike slag.

Det har ikkje mangla på visjonar med omsyn til kva nettbaset læring, også kalla e-læring, skulle føra til av endra læringsvilkår. Mange har tilmed sagt at universitet og høgskolar i si noverande form vil forsvinna. Ser ein litt meir nøkternt og edrueleg på problematikken, er dette lite sannsynleg, sjølv om nok høgare lærestader må tilpassa seg ein ny situasjon der også e-læring vil spela ei viktig rolle.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi, også kalla IKT, er komme i fokus spesielt etter at Internett utvikla seg sterkt på 1990-talet. Med Internett får ein heilt andre vilkår for å finna fram, organisera, lagra og distribuera informasjon, samstundes som samhandlinga mellom menneske, til dømes mellom lærar og student, blir modifisert.

1. Nettstudenten

I framtida vil nettet opplagt få ein meir sentral rolle for studiar enn det har i dag. Nye generasjonar flaska opp med data og Internett vil innta arenaen for høgare utdanning og tvinga fram nye undervisningsformer. Konseptet "livslang læring" vil nok òg få ein meir framstående plass, spesielt i næringslivet, der trong for omstillingar og fagleg utvikling vil føra til at ein i langt større grad enn i dag vil måtta kombinera studiar og arbeidsaktivitet.

Erfaringar så langt syner at e-læring kan gi seg mange positive utslag i undervisninga: aktivt engasjement, arbeid i grupper, tekst, lyd og bilete kan integrerast; og tilhøva ligg til rette for regelmessig interaksjon og tilbakemelding mellom lærar og student. Innsamlinga av informasjon blir meir komplett ved at ein kan nytta Internett i tillegg til bøker, eigen praksis og anna.

Den problembaserte læringa kjem i fokus ved e-læring, noko som gjer at den eignar seg spesielt for dei mest dynamiske delane av næringsliv, organisasjonsliv og offentleg forvaltning. Det viser seg nemleg meir og meir at kollektiv problemløysing er ein føresetnad ved spesielt komplisert vitskapleg verksemd og kompleks kunnskapsproduksjon. IKT tillet alt i dag refleksjon og erfaringsutveksling på ein måte og i eit tempo som ein aldri tidlegare har hatt sjanse til med den teknologien ein har hatt tilgjenge til.

Det er likevel lett for at ein i ein slik situasjon blir overmodig og ambisjonane blir stilt for høgt. Ein må ikkje gløyma at mennesket først og fremst er eit "sosialt dyr" og at det trass i alle fordelane med e-læring, så er det stort sett einsamt å sitte og jobba framom dataskjermen. Det er difor viktig å finna fram til realistiske og motiverande arbeidsoppgåver, og for å bryta monotonien med å jobba framom skjermen, kan det vera lurt å ta initiativ til så vel fysiske samlingar som samlingar over nettet.

2. Nye innfallsvinklar

Studiet på nettet gjer at ein fjernar seg frå den tradisjonelle undervisninga. Dette gjeld ikkje berre sjølve studieprosessen og innsamling av informasjon, men kan i like stor grad vera tilfellet for innhaldet i studia. Dette er nettkurset i spansk grunnfag eit godt døme på. Modulen "Kultur og samfunn", som utgjer 5 vektal, blir presentert slik i studieopplegget:

"Fagbeskrivelse

Studiet gir en generell oversikt over særtrekk og fellestrekk ved de spansktalende landene i Latinamerika, samt en noe dypere innsikt i utvalgte tema fra Latinamerikas samfunn og kulturer."

Målet med modulen blir omtala på følgjande måte:

"Målsetting

Studentene skal tilegne seg kunnskaper om de spansktalende samfunn og kulturer i Latinamerika og gjennom korte tverrfaglige seminarrekker skal de fordype seg i to utvalgte tema innenfor kunst, kultur eller samfunnsfag."

Dei draga ein på universitetsnivå til vanleg studerer ved ulike kulturar og samfunn, har ein tendens til å falla saman med den tradisjonelle faginndelinga ved institusjonen, trass i at ein dei seinaste tiåra stadig er blitt oppmoda om å tenka nytt og samarbeida over fag-, institutt- og jamvel fakultetsgrenser. Ein slår seg gjerne til ro med eit opplegg i litteratur, historie og eventuelt institusjonar (spesielt i samfunn der institusjonar er relativt stabile og ikkje så utsette for politiske svingingar som tilfellet er i mange latinamerikanske samfunn).

På dette feltet er det mykje lettare å endra gammal vane når rammene og formene for undervisning òg blir endra, slik ein opplever det med nettundervisning. Her ser det ut til at Marx skal bli sannspådd: teknologiske endringar fører til endringar også av andre slag. Såleis kunne ein på spansk grunnfag for vårsemesteret 2002 tilby desse fem kursa i modulen "Kultur og samfunn":

- Religion och samhällsförändring i Latinamerika
- Fotball og samfunn
- Re-presentaciones audiovisuales de sociedades en conflicto
- Arte iberoamericano. Urbanismo, arquitectura y artes plásticas
- Globalisering, kultur og identitet i Karibia.

Av desse fem emna er film og globalisering naturleg med ut frå vurderingar om aktualitet, medan religion og kunst er meir tradisjonelle tema. Det mest overraskande emnet er nok det eg sjølv var ansvarleg for: fotball, eit tema som det i alle fall her til lands ikkje er vanleg å ta opp i høve kultur- og samfunnsstudium på universitetsnivå. På Norges Idrettshøgskole har det naturleg nok vore ein del av studieopplegget alt i fleire tiår, og ved Universitetet i Oslo har argentinararen Eduardo Archetti, professor i sosialantropologi, lenge vore einsleg svale med forskning innan mellom anna fotball, men den enorme utviklinga ein har sett innan fotballen frå rundt 1980, spesielt på det økonomiske feltet, har gjort at det i dag finst studietilbod i fotballøkonomi både ved Høgskolen i Møre og Romsdal (Molde) og ved Handelshøyskolen BI.

Med den rolla som fotball har spesielt i dei sydlegaste landa i Sør-Amerika, er det rimeleg å ta dette opp i eit studium som mellom anna skal gi "en generell oversikt over særtrekk og fellestrekk ved de spansktalende landene i Latin-america".

3. Fotball og samfunn

I våre dagar er fotball ein spegel på samfunn og liv på så mange område: kulturelt, sosialt, økonomisk, politisk og ikkje minst som identitetsskapande faktor. Det er eit faktum at fotball som samfunnsfaktor var ein realitet i Latin-Amerika tidlegare enn i nokon annan del av verda. Spesielt var det slik i tre latinamerikanske land: Argentina, Brasil og Uruguay, dei tre store i latinamerikansk fotball, og også dei einaste tre amerikanske landa som har vunne VM i fotball.

Innanfor dei tema studentane vel, skal det leggjast til rette for å avvikla tre nettseminar. Det står i studieopplegget at: "Hvert seminar er basert på tre tekster (evt. filmutdrag) som gjeres tilgjengelig for studentene på nettstedet..." Sidan det ikkje let seg gjera å finna eigna tekstar for norske grunnfagsstudentar, valde eg å laga tekstar sjølv, med utgangspunkt i stoff eg alt hadde jobba med ved utarbeiding av boka "Verdas viktigaste bagatell – essay om fotball og globalisering", som kom på Det Norske Samlaget i 2002. Nettartiklane skreiv eg på spansk, og innanfor rammene for lengd (5-20 sider) valde eg å gjera dei ikkje alt for lange (6-8 sider).

Dei tre emna som skulle takast opp i nettseminara, skulle seia noko om samfunnet på ulike måtar, og til slutt blei eg ståande att ved følgjande emne for kurset i "Fotball og samfunn", slik dei blei presenterte for dei potensielle studentane:

"1.

"Fotballen i kampen mot tyrannar": På eit fotballstadion forsvinn individet i den store massen, noko som gjer at ein der har eit offentleg rom der ein kan gi uttrykk for motstand mot tyrannar og regime på måtar ein ikkje kan elles i samfunnet. Skulle ein måla pulsen på folk sin motstand mot Pinochet i Chile og mot militærjuntaen i Argentina på 1970- og 1980-talet, kom ein ikkje utanom dei store fotballkampane.

2.

"Fotball og narkomafia i Colombia": Då den colombianske landslagsspelaren Andrés Escobar blei myrda etter USA-VM i 1994, blei det avdekket at narkomafiaen hadde kontroll over store delar av fotballen i landet. Og på same måten som multinasjonale selskap og medieverksemdar elles i verda, nyttar narkobaronane fotballen til kvitvasking av svarte pengar.

3.

”Fotball og nasjonal identitet i Uruguay”: Det er blitt vanleg at fotballandslaget byggjer opp under den nasjonale identiteten i mange land, men ingen stader kjem dette så klart fram som i Uruguay, der VM-trofea etter finalesigrar over dei to store naboane Argentina (1930) og Brasil (1950) skaffa det lille landet ein nasjonal identitet andsynes dei store naboane som på 1800-talet hadde ambisjonar om å kontrollera og innlemma det inneklemt Uruguay.”

Det første emnet tar føre seg fotball og politikk, det andre fotball og økonomi, medan det tredje tar opp fotballen som identitetsskapande element. Alt dette er vesentlege emne for å forstå kultur og samfunn, og dei blei foretrekte framom to andre tema eg òg hadde gjort framlegg om, nemleg ”Fotball: vegen til ”suksess” for outsidersen i ei globalisert verd” og ”Maradona som nasjonalt ikon for Argentina”.

Emna blei valde ut hausten 2001 og artiklane skrivne på spansk i perioden oktober-desember same året. Dei blei så lagde ut på sidene som nettspansk har på nettet (<http://nettspansk.uib.no>). Under skrivinga var det eit stadig tilbakevendande spørsmål kor vanskeleg/lett språket burde vera, men eg fann etter kvart ut at eg ville nytta vanleg avissakprosa med omsyn til så vel syntaks som vokabular. Grunnane til at eg valde å gjera det slik, er mange, men mellom dei som veg tyngst, er at grunnfagsstudentar i alle tilfelle må lesa originaltekstar på spansk og dessutan blei det på nettspansksidene lagt ut link til ordboka til Det spanske språkakademiet (*La Real Academia de la Lengua Española*), som er autoritativt på området.

Studentane fekk melding om at tekstane låg på nettet og blei oppmoda om å lesa dei før dei tre seminarforelesningane, som skulle finna stad 18.03., 08.04. og 22.04 2002, like etter at det første seminaret, det om religion, var avslutta. Det kom inn ein del spørsmål til forelesar i vekene før seminaret tok til, spørsmål som hadde tilknytning til det reint språklege eller til det innholdsmessige. Det blei svart på alle spørsmåla, og svara blei lagde ut på nettet, slik at alle deltakarane fekk den same informasjonen.

Studentane blei før seminara delte inn i 4 grupper, som fekk namn etter kjente latinamerikanske fotballklubbar: Boca, River, Nacional, Santos. Organiseringa av dei nettkollokvia som så fann stad i dei ulike gruppene, blei organisert av koordinator for heile opplegget, Åse Johnsen. Då fotballseminaret tok til, hadde 31 personar meldt seg på. Av desse var 17 kvinner og 14 menn. Undervegs fall

nokre ifrå, medan andre kom til. Til saman var 36 personar innom kurset på eitt eller anna tidspunkt. Det var med personar som permanent eller tidvis heldt til i Argentina, Bolivia, Chile, Skottland, India og Tyskland, i tillegg til at mange delar av Noreg var representerte.

4. Seminara

Arbeidet i seminara og i kollokviegruppene blei basert på dei tre artiklane eg skreiv og som er omtala i det foregåande kapittelet. Det blei ei forelesning til kvart av dei tre emna, i tidsrommet 18.00-19.00 på dei tre datoane i mars og april som er nemnde ovanfor. Dette opplegget er sams for alle seminara, og i forslaget til gjennomføring av seminara kan ein mellom anna lesa: "Det gis en forelesning på 1 time (60 minutter) via nettet i form av synkron tekstlig samtale mellom foreleser og studenter. Denne samtalen bør i utgangspunktet være styrt av foreleseren som kan komme med innspill og spørsmål, men vil ta form alt etter studentenes aktivitetsnivå."

Sjølve gjennomføringa av nettforelesningane var eit stort usikkerheitsmoment, eg vil tru for fleire enn denne forelesaren. Det synte seg at mange av studentane òg hadde tekniske problem med datamaskinane. Det blei gitt litt teknisk opplæring i korleis ein skulle handtera det tekniske før, under og etter forelesninga. Eit svært viktig punkt var å sørge for at heile forelesninga blei lagra, slik at studentar som ikkje hadde høve til å følgja forelesninga direkte, kunne lesa den etterpå ved å klikka på eit kasettikon på seminaret si nettside.

Ei stund før første forelesning fekk eg sjå døme på korleis slike nettforelesningar kunne gå føre seg, og eg blei då merksam på kor viktig det er at forelesar styrer samtalen under forelesninga. Gjer ein ikkje det, risikerer ein ei mengd ulike innspel frå deltakarane på om lag same tid, noko som kan føra til kaos og manglande samanheng i framstillinga.

Sjølv la eg vekt på å dela inn forelesningane på ein slik måte at deltakarane kunne uttala seg generelt om artikkelen, dei kunne ta opp meir punktvis delar av artikkelen og dei blei likeeins inviterte til å melde frå om språklege problem: ord og uttrykk, eller syntaktiske konstruksjonar som dei ikkje hadde funne ut av. Det viste seg å vera nyttig å gå gjennom artiklane ut frå inndelinga av desse i underkapittel.

Ikkje alltid let det seg gjera å halda dei ulike bolkanane av forelesninga klart skilde frå ein annan, og det var heller ikkje ønskjeleg, men det var viktig for

meg som forelesar å ha eit opplegg i bakhand i tilfelle forelesninga skulle "utarta" og tendera mot å gå i alle retningar.

Eit problem for oss som er vande med forelesningar i auditorie og uvande med undervisning på nettet, er sjølvstakt at ein ikkje ser dei ein underviser for og såleis ikkje kan vurdera korleis dei reagerer til dømes ved hjelp av ansiktsuttrykk og kroppsspråk. I undervisningssituasjonar vil det alltid vera somme studentar som er meir aktive enn andre, og det er særst viktig for forelesar å få med seg også dei andre, dei som ikkje ytrar seg direkte. Dette er sjølvstakt mykje lettare å få til i eit auditorium enn over nettet.

Spanskkunnskapane til deltakarane på fotballeminaret viste seg snart å vera varierende. Nokre hadde budd i fleire år i spansktalande land og hadde lett for å ordleggja seg på spansk, medan andre starta så godt som frå "scratch". Eg gav difor melding om at ein kunne komma med spørsmål og kommentarar til forelesar på anten spansk eller norsk. Sjølv svarte eg på spansk, men eg gav stundom omsettingar til norsk av ord og uttrykk når eg følte det var trong for det eller det blei direkte spurt om det. Nokre gonger hadde deltakarar førebudd lengre spørsmål i forkant, spørsmål som dei smelte opp på skjermen når dei fann det for godt. Også dette fungerte greit, bortsett frå at det innimellom kunne bli vel mange spørsmål (også av ulike slag) å svara på om lag samstundes.

Det var i dette kurset i nettspansk lagt opp til at ein ved hjelp av dias kunne slå opp typeeksempel, tabellar, skjema og liknande for å forklara ulike problem. Sjølv valde eg å ikkje nytta slike hjelpemiddel, spesielt fordi det ikkje let seg gjera å sjå føre seg i forkant av nettundervisninga eksakt kva retning spørsmål og kommentarar ville ta. I eit kurs i grammatikk til dømes ville eg opplagt ha tatt i bruk slike meir skjematiske oppstillingar for å forklara grammatiske reglar.

Nokre studentar var klart dominerande i forelesningane, anten det var fordi dei i utgangspunktet var flinke i spansk, eller dei var spesielt opptekne av og hadde gode kunnskapar i emnet, eller dei hadde problem (språklege eller innholdsmessige) som dei ville ta opp. Også andre var innom som aktive deltakarar frå tid til annan eller i det minste ein gong, men eit fleirtal av dei påmeldte deltakarane var aldri aktivt med på nettsamtalane, og ein god del av desse hadde heller ikkje høve til å følgja undervisninga på nettet direkte. Etter forelesninga på nettet heldt ein del studentar fram med å diskutera og samtala med kvarandre i nettgruppene som dei var blitt delte inn i.

Like etter kvar forelesning tok eg sjøv utskrift av det som var blitt lagra. Dette gjorde eg med ein gong, slik at eg kunne lesa gjennom og retta opp feil (språklege og andre) som eg sjølv hadde gjort undervegs. Slike feil er det så å seia ikkje råd å unngå når ein i full fart skal presentera eit emne og svara på ei mengd spørsmål av ulik type. Eg vurderte også om eg skulle retta det studentane hadde skrive, men valde å ikkje gjera det, både fordi det av og til kunne vera vanskeleg å skjønna kva som eigentleg var meint og fordi det også var mange feil i dei passasjane som var på norsk (og her såg eg ikkje heilt poenget med å retta).

Derimot var det svært om å gjera å retta opp eigne feil eg som forelesar hadde gjort på direkten under forelesninga, fordi læraren sjølvsagt skal gå føre med eit godt eksempel og fordi studentane skal kunna stola på at læraren har korrekt språk og korrekt informasjon.

I tida etter kvar undervisningstime på nettet kom det spørsmål i diskusjonsforumet, og desse blei det svart på så snart det let seg gjera. Her ligg det eit problem for forelesarar som har jobb, og gjerne då hovudjobb ein annan stad enn på det instituttet/den institusjonen som arrangerer nettseminaret, for andre gjeremål gjer at ein ikkje kan gå inn på seminaret sin nettstad så ofte ein skulle ønska for å sjå om det er komme nye spørsmål og kommentarar. Somme spørsmål kom til forelesar via e-post, og var desse av allmenn interesse og ikkje for personlege, blei også desse lagde ut på nettsidene til kurset.

Som forelesar var eg i det store og heile rimeleg nøgd med gjennomføringa av seminara, men frustrert over at eg ikkje hadde kontroll med korleis studentane hadde oppfatta kurset, og eg var difor svært spent på korleis studentane ville takla oppgåva med å skriva seminaressay.

5. Seminaressay

For å få godkjent eit seminar som del av modulen "Kultur og samfunn" i spansk grunnfag, må ein obligatorisk skriva eit seminaressay. Emna for desse blei lagde ut før den siste undervisningstimen. Emna ein kunne velja mellom var:

- 1): Fútbol y sociedad en América Latina
- 2): Prepare un artículo para un público español sobre fútbol, sociedad y mafias de la droga en Colombia

3): Resuma con sus propias palabras el artículo sobre fútbol e identidad nacional en Uruguay.

Som ein vil forstå, er det tre ulike typar oppgåver ein har å velja mellom. Oppgåve 1 (Fotball og samfunn i Latin-Amerika) er svært vid og opnar for eit utal ulike tilnæringsmåtar. Derimot er oppgåve 3 (Resymér med eigne ord artikkelen om fotball og nasjonal identitet i Uruguay) avgrensa til artikkelen som blei tatt opp på den tredje og siste undervisningsseansen (22.04.02). Dei fleste vil nok meina at den mest krevjande oppgåva er den andre (Lag ein artikkel for eit spansk publikum om fotball, samfunn og narkomafia i Colombia), sidan denne krev både faktakunnskapar og at ein set seg inn i kva føresetnader og forkunnskapar eit tenkt publikum av lesarar har innan emnet.

Lengda på seminaroppgåva var sett til om lag 1.200 ord. Ein del av deltakarane tok kontakt med forelesar før dei gjekk laus på sjølve skrivinga og undersøkte om opplegg dei hadde tenkt ut, var høvelege. Det blei lagt ut linkar (med namnet Enlaces) til organisasjonar, presseorgan og fotballklubbar som kunne ha stoff av interesse anten om fotball eller relevante samfunnstilhøve. Elles var det sjølvstøtt seminarartiklane som var dei viktigaste kjeldene når ein skreiv oppgåvene. Somme undersøkte om dei kunne supplera med eigne opplevingar og erfaringar, noko dei fekk høve til, berre dei heldt seg innanfor emnet for den oppgåva dei hadde valt.

Det kom til saman inn 28 seminaroppgåver i emnet "Fotball og samfunn", dei aller fleste innan fristen, 08.05.02, men somme fekk innvilga utsetting etter at dei hadde lagt fram sjukemelding. Alle dei tre oppgåvene blei valde ut, rett nok i varierende grad, og som venta kom det inn færrest oppgåver (5) i alternativ 2 (om Colombia og narkomafiaen), som vi alt har peika ut som den vanskelegaste av dei tre. Resten av studentane fordelte sine val om lag likt mellom den første oppgåva (12) (generelt om fotball og samfunn i Latin-Amerika) (12) og den siste (11) (om fotball og nasjonal identitet i Uruguay).

Det blir ikkje spesifisert karakter på slik seminaroppgåver, men alle dei 27 som leverte i fotballseminaret, fekk godkjent oppgåva si. Kvaliteten var sterkt varierende. Nokre få var eksepsjonelt gode til å vera på grunnfagsnivå, medan nokre blei godkjende under tvil. Ei oppgåve var tvilsam på grunn av at ho var noko kort og to fordi det kunne diskuterast om dei fall inn under det oppgåveteksten gjekk på. Skilnadane var likevel mest markerte på det språklege, frå det briljante til oppgåver med svært rudimentær syntaks, som blei redda frå stryk på grunn av innhaldet.

I haustsemesteret 2002 har mellom 50 og 60 studentar levert inn semesteroppgåve, der dei har skriva om eitt av dei tema dei alt har vore gjennom og fått godkjent seminaroppgåve i. Ni studentar valde ”Fotball og samfunn” som tema, som dei fordjupa seg i og mellom anna sette opp ei pensumliste for. I høve dette utarbeidde eg litteraturliste som blei lagt ut på kurset sine nettsider. Studentane skreiv om følgjande tema:

- Fútbol e identidad nacional en el Cono Sur
- Fútbol, sociedad y mafias de la droga en Colombia
- Uruguay: Fútbol e identidad nacional
- Colombia antes y después de 1994 (conmemoración y repercusión de la muerte de Andrés Escobar)
- Fútbol e identidad nacional en Uruguay, Argentina y Chile
- El fútbol comercial, el neoliberalismo y la mafia de la droga colombiana
- Fútbol, sociedad y mafias de la droga en Colombia
- La mafia colombiana
- Fútbol y sociedad en América Latina: Entre magia y cinismo.

Desse oppgåvene blei skrivne og retta utan medverknad frå forelesar på seminaret.

6. Røynsler og framtidsutsikter

Eit skarve kurs i ein studiemodul på 5 vektal er ikkje mykje å byggja røynsler på, men noko kan ein seia, om ikkje anna som peikepinn for neste gong eit liknande kurs blir avvikla.

Det første som slo meg då eg såg deltakarlista, var at kvinnene var i fleirtal: 17 versus 14 menn på den opphavelege lista på 31. Av dei som kom til undervegs, var det også flest kvinner. Vel er det så at det til tider er klar overvekt av kvinner på studium i spansk i Noreg, men eit tema som ”Fotball og samfunn” skulle ein tru appellerte klart meir til menn enn til kvinner. Slik var det altså ikkje, og eg må nok her erkjenne at eg i utgangspunktet var hengt opp i tradisjonelle førestillingar, som ein kommunikasjonskanal som nettet kan bryta effektivt ned.

”Hadde aldri trodd jeg noen gang skulle interessere meg for fotball, men dette var en flott innfallsvinkel til å få innblikk i den latinamerikanske kulturen!!” skreiv ei av dei kvinnelege deltakarane i ei tilbakemelding til meg. Denne og

andre tilbakemeldingar syner at studentane ikkje er så redde for å prøva nye ting. Frykten for det ligg kan henda meir på lærarsida, der ein har lett for å bli systemkonservativ og lite innstilt på å kasta seg ut i det nye. Sjølv om mange av elevane var godt vaksne (mellom 40 og 60 år), er det mi røynsle at ein heller ikkje i den aldersgruppa vik tilbake for å prøva det ukjente. Kva skal ein elles seia om ei dame som ikkje er interessert i fotball, men likevel melder seg på kurset "Fotball og samfunn"? Ein kan berre ana kva perspektiv som opnar seg for undervisning til yngre generasjonar som er meir flaska opp med og meir vane med datamaskina.

Som tverrfagleg studiemodul ser det ut til at nettet eignar seg svært godt. Der ein i fleire tiår alt har snakka om at det trengst tverrfagleg aktivitet på universitets- og høgskolenivå, utan at det har skjedd stort, der brøyter nettet veg med støtte frå brukargruppene. Det kan òg sjå ut til at det er lurt å prøva ut slike prosjekt i etter- og vidareutdanninga, der ein møter studentar med røynsle frå arbeidslivet som ser kva som trengst og som såleis er spesielt kvalifiserte til å uttala seg om korleis studium betre kan tilpassa seg arbeidslivet.

I nr. 1/02 av *Apollon*, forskningsmagasin for Universitetet i Oslo, har ein laga eit spesialnummer om digital læring, der ein mellom anna kan lesa på side 7: "Ved de tradisjonelle institusjonene innen høyere utdanning opplever lærerne at IKT-bruk kommer i tillegg til de ordinære oppgavene. Mens man før hadde regelmessige forelesninger og bestemte treffetider, føler lærerne at IKT i undervisningen gjør at de nærmest må være tilgjengelige hele døgnet."

Som innleigd lærar ved kurset i nettspansk følte eg det til tider også sjølv som eit problem at det kom inn spørsmål "heile tida", også i tidsbolkar då eg hadde meir enn nok å gjera på hovudarbeidsplatsen min, NHH. Eg trur likevel dette er barnesjukdommar, som vil gå over viss ein tar dei administrative grepa som trengst. Ein må mellom anna innsjå at lærarane ikkje kan vera tilgjengelege heile tida. For så vidt gjer det ikkje noko at det kjem inn spørsmål og kommentarar "heile tida", så sant ein ikkje ventar å få svar med det same. Ein kan til dømes få eit opplegg der læraren svarer/legg ut svara på eit avtalt tidspunkt/ein avtalt dag kvar veke.

Mi røynsle er at undervisninga må vera godt planlagt for å unngå at chattinga går over i rein pjetting. Opplegget for ein time bør vera fastlagt på førehand og kan gjerne kommuniserast til studentane i forkant av undervisninga. I tillegg er det viktig at ein oppmodar studentane til eigen aktivitet, som å vera med i

kollokviegrupper på nettet før og etter undervisninga, ta del i det asynkrone diskusjonsforumet og sjølve leita fram materiale på Internett.

Som ein tentativ konklusjon kan ein hevda at e-læring, viss det blir rett lagt opp, tillet aktivitet frå studentane på ein heilt annan måte enn i det tradisjonelle klasserommet/auditoriet. Informasjonstilgjenget er òg revolusjonerande mykje betre takk vera Internett, og kombinasjonen av ulike arbeids- og undervisningsformer gjer at ein kan komma ulike studentgrupper sine behov i møte på ein heilt annan måte enn tidlegare. Universitet og høgskolar vil nok bli radikalt endra i tiåra som kjem, sjølv om dei ikkje vil forsvinna heilt, og dei vil nok bli nøydde til å tilpassa seg eit nærings-, arbeids- og organisasjonsliv som vil leggja stadig større vekt på etter- og vidareutdanning, på livslang læring.

Og når nye generasjonar overtar bana, vil òg dei sperrene vi har som er lærarar i dag, forsvinna både på det organisatoriske, det tekniske, det interdisiplinære og det innhaldsmessige planet. Då vil ikkje lenger "Fotball og samfunn" bli sett på som eit "uvanleg" emne for undervisning, ikkje ein gong i Noreg.

- 8/2001 [Festskrift for Harald Frønsdal og Einar Hansen]
Brekke, Magnar: *Fagspråkleg leksikografi og terminografi: Eit komplementært perspektiv*
Kristiansen, Marita: *Fagkunnskap og fagspråklig kompetanse – to sider av samme sak?*
Lind, Åge: *Å oversette en juridisk tekst*
Picht, Heribert: *Korpora als Ausgangspunkt für die Extraktion von terminologischen Daten*
Roald, Jan: *Arbeidslivets terminologi: fransk visitt i Origo. Fra praksis til teori*
Simonnæs, Ingrid: *Fachkommunikation – Zu den Voraussetzungen für eine gelungene Fachkommunikation im Bereich des Wirtschaftsrechts beleuchtet anhand des Sprachenpaars Norwegisch-Deutsch*
- 9/2001 Bjørge, Anne Kari: *The contribution of pragmatics to the study of journalistic prose*
Jensen, Dagrun Lorgen: *Le concept de “reformulation”, un concept bien défini?*
Martínez, Juan A.: *Semantiske endringer i spansk fagspråk og terminologi*
- 10/2002 Kristensen, Svend Haakon: *Samhandling med japanere - Sentrale kulturelle begreper*
Rasmussen, Willy: *Annerledeslandet*
- 11/2002 Picht, Heribert: *Das polyseme Verb als Übersetzungsproblem in einer Fachwendung*
Schättle, Margarete: *Translation and Interpreting Studies at the University of Vienna - Today and Tomorrow*
Selsø Sørensen, Henrik: *Nettet som korpus ved flersproglig term- og vidensbearbejdning*
Thorsnes, Elin: *“Isolering av yttervegger” - Fagkunnskap som forutsetning for vellykket språklig representasjon*